

MIKROALGAR KAN ERSTATTE SOYA OG FISKEMJØL I FÔRET



Forskning og utvikling
støttet av
Forskningsrådet

Foto: Helge Skodvin, Nofima



Berekraftig norsk algeindustri

Med mikroalgar som utgangspunkt vil forskningsprosjektet «Algar for framtida - A2F» undersøke algane sitt potensiale til å produsere høgkvalitets protein, fleirumetta feittsyrer og karbohydratar til framtida sitt matfat. Prosjektet går fra 2017-2021 med tjue partnalarar frå inn- og utland.

Mikroalgar er så langt ned i næringskjeda som ein kjem. Her er næringsutbytet mykje større fordi det ikkje er brukt energi på vekst og fordøyning gjennom organismar på lågare nivå. I staden for å føre fisk og dyr med mjøl og olje frå soya, raps eller palmeolje – bør pellets og anna fôr ta eit steg ned i næringskjeda. Avskoging for soya- og rapsdyrkning har sjølv sagt sine kostnader i dei landa vi importerer frå, men ein like stor gevinst ved heimedyrkning av mikroalgar er at produsentane får kontroll på større delar av verdikjeda.



Vi kombinerer fagkunnskap om dyrking og optimalisering av mikroalgars biomassekomposisjon i lab- og pilotskala, med erfaringa frå m.a. profesjonelle bakarar, ølbryggjarar og fiskefôrprodusentar. Slik legg vi grunnlaget for ei felles plattform for framtidig berekraftig norsk algeindustri.

Mikroalgar lever av CO₂ og veks ved hjelp av vatn, næringsstoff og energi frå lys. I staden for å sleppe ut CO₂ ved frakt og produksjon av fôr, vil mikroalgene ete opp CO₂.

Forskar Kari Skjånes, NIBIO. Foto: Erling Fløistad, NIBIO



NIBIO

NORWEGIAN INSTITUTE OF
BIOECONOMY RESEARCH

Prosjektet er finansiert av
Noregs forskningsråd. Prosjektnr. 267872
Prosjektet er leia av Stig A. Borgvang, NIBIO
www.a2f.no
a2f@nibio.no

Partnarar: NIBIO, NORCE, UIB, Nofima, NMBU, Nøgne Ø, Nord Universitet, Havforskningsinstituttet, Høgskulen i Volda, SNF, Folvengaard AS, Råde Bakeri og Konditori Nærbakst as, Vital seafood AS, STIM, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Wageningen University, University of Lisbon, Tokyo University of Marine Science and Technologi, Fitoplanton Marina S. L., LGem b.v.